VOLDA KOMMUNE
Eigedomsavdelinga

18.01.2018

## Doktorhaugen – Omsorgsbustadar

Administasjonen har gjennomført konkurranse på bygging av 4 stk omsorgsbueiningar for yngre personar. Prosjektet har gått frå 5 bustadar til 4 bustadar etter dialog med pårørande til brukarane og helse sektoren. Det kom fram til at bueiningane var noko små, så ein såg på mogleiken til å ha 4 bueiningar som var ca. 10-15m2 større enn opprinneleg skisseprosjekt. Konkurransen vart lagt ut i doffin i november 2016 med frist for levering av tilbod 05.01.2018. Det kom inn totalt 4 tilbod.

Etter evaluering av tilboda har ein kome fram til at Tømrerservice AS vinn totalentreprisa på dette prosjektet, med antatt kontraktskriving 01.02.2018, med umiddelbar oppstart. Sluttdatoen er satt til 15.12.2018.

**Budsjettramma for prosjektet er som følgjer, dersom tilskot frå Husbanken:**

| | **Eksl mva., tal er avrunda** | **Inkl. mva** | **Merknad** |
|---|---|---|---|
| **Tilbod inkludert opsjonar** | 9.300.000,- | 11.625.000,- | Tilbod frå Tømrer service AS |
| **Prosjektkost** | 1.000.000,- | 1.250.000,- | Administrering frå kommuna si side, KU, konsulenthjelp etc. |
| **Ekstra midler til uføresette utgifter bl.a. sprengekostnadar** | 2.500.000,- | 3.125.000,- | Evt. uføresette kostnadar og sprengekostnadar |
| **Kostnadar for forprosjekt, regulering, byggesak etc.** | 250.000 | 312.500,- | |
| **Estimert midler frå Husbanken** | -3.600.000 | -4.500.000,- | Tal kan endre seg ut frå Husbanken si vurdering |
| **Finansiert ved låneopptak** | **9.450.000,-** | **11.812.500,-** | |
| **Budsjettplan for 2018** | 13.600.000,- | 17.000.000,- | |

Administrasjonen er i gang med å søke midlar til dette prosjektet i Husbanken.

# VOLDA KOMMUNE
## Eigedomsavdelinga

**Budsjettramma for prosjektet er som følgjer, dersom tilskot frå Husbanken:**

| | **Eksl mva., tal er avrunda** | **Inkl. mva** | **Merknad** |
|---|---|---|---|
| **Tilbod inkludert opsjonar** | 9.300.000,- | 11.625.000,- | Tilbod frå Tømrer service AS |
| **Prosjektkost** | 1.000.000,- | 1.250.000,- | Administrering frå kommuna si side, KU, konsulenthjelp etc. |
| **Ekstra midler til uføresette utgifter bl.a. sprengekostnadar** | 2.500.000,- | 3.125.000,- | Evt. uføresette kostnadar og sprengekostnadar |
| **Kostnadar for forprosjekt, regulering, byggesak etc.** | 250.000 | 312.500,- | |
| **Finansiert ved låneopptak** | **13.050.000,-** | **16.312.500,-** | |
| **Budsjettplan for 2018** | 13.600.000,- | 17.000.000,- | |

Administrasjonen ber om tillatelse til å inngå kontrakt med totalentreprenør Tømrerservice AS for å kome igang med byggeprosjktet.

**VOLDA KOMMUNE**
**Økonomistaben**

# NOTAT

Formannskapet

**Sak: Månads- og tertialrapportering**

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| *2018/210* | *1316/2018* | *151* | *ØKO/KARISUN* | *24.01.2018* |

## AKTIVITETSKALENDER ØKONOMISTYRING 1. HALVÅR 2018

Aktivitetskalender for økonomistyring vår 2018 vert lagt fram til formannskapet som orientering.
Kalenderen, som ligg vedlagt, viser oppsett for både administrative- og politiske prosessar.

Månadsrapport/Tertialrapport til formannskapet skjer i følgjande møter:

| | |
|---|---|
| 27. februar | Månadsrapport januar |
| 4. april | Månadsrapport februar |
| 17. april | Månadsrapport mars |
| 5. juni | Månadsrapport april/ Tertialrapport 1 |
| 26. juni | Månadsrapport mai |

Det er også sett opp to møter for Politisk- og administrativt leiarforum:

| | |
|---|---|
| 13. mars | Hovudtema Helse og omsorg |
| 5. juni | Hovudtema Opplæring og oppvekst |

Med helsing

Kari Mette Sundgot
økonomisjef

Vedlegg
- Aktivitetskalender økonomistyring 1 halvår 2018

**AKTIVITETSKALENDER ØKONOMISTYRING 1. HALVÅR 2018**

| Månad | Dato | Tidspunkt | Aktivitet |
|---|---|---|---|
| **FEBRUAR** | 6. | | Frist innlevering fordelt lønn, refusjonskrav og intern fakturering |
| | 12. | kl. 11 | Månadsrapport økonomi og fråvær for januar leggast ut |
| | 15. | 13-16 | Opplæring/arbeidsmøte leiarar og stab |
| | 16. | 8-12 | Opplæring/arbeidsmøte leiarar og stab |
| | 15. | | Rekneskapen klar for arbeid med årsrapport |
| | 19. | kl. 15 | Frist einingsleiarar med rapport |
| | 20.-23 | | Arbeidsmøter sektorleiarar og stab |
| | 27. | | Månadsrapport januar økonomi og fråvær til formannskap |
| **MARS** | 5. | | Frist innlevering fordelt lønn, refusjonskrav og intern fakturering |
| | 12. | kl. 11 | Månadsrapport økonomi og fråvær for februar leggast ut |
| korte fristar | 12. | kl. 12-16 | Opplæring/arbeidsmøte leiarar og stab |
| pga påske | 13. | kl. 9-12 | Opplæring/arbeidsmøte leiarar og stab |
| | 13. | | Politisk- og administrativt leiarforum - Helse og omsorg |
| | 14. | kl. 15 | Frist einingsleiarar med rapport |
| | 14. | kl. 16 | Frist frå sektorleiarar Årsmelding |
| | 15.-16. | | Arbeidsmøter sektorleiarar og stab |
| | 04.apr | | Månadsrapport februar økonomi og fråvær til formannskap |
| **APRIL** | 6. | | Frist innlevering fordelt lønn, refusjonskrav og intern fakturering |
| | 10. | kl. 15 | Månadsrapport økonomi og fråvær for mars leggast ut |
| | 11. | kl. 9-12 | Opplæring/arbeidsmøte leiarar og stab |
| | 12. | kl. 12-16 | Opplæring/arbeidsmøte leiarar og stab |
| | 17. | kl. 14 | Frist einingsleiarar med rapport |
| | 18.-20. | | Arbeidsmøter sektorleiarar og stab |
| | 17. | | Månadsrapport mars økonomi og fråvær til formannskap |
| | 17. | | Rekneskapen 2017 og Årsmelding 2017 til formannskapet |
| | 26. | | Rekneskapen 2017 og Årsmelding 2017 til kommunestyret |
| **MAI** | 4. | | Frist innlevering fordelt lønn, refusjonskrav og intern fakturering |
| Tertial- | 11. | kl. 15 | Månadsrapport økonomi og fråvær for april leggast ut |
| rapport! | 14. | kl. 9-12 | Opplæring/arbeidsmøte leiarar og stab |
| | 15. | kl. 12-16 | Opplæring/arbeidsmøte leiarar og stab |
| | 22. | kl. 16 | Frist einingsleiarar med rapport |
| | 23.-29. | | Arbeidsmøter sektorleiarar og stab |
| **JUNI** | 5. | | Politisk- og administrativt leiarforum - Opplæring og oppvekst |
| | 5. | | Månadsrapport april/Tertialrapport 1 til formannskap |
| | 6. | | Frist innlevering fordelt lønn, refusjonskrav og intern fakturering |
| | 12. | Kl. 11 | Månadsrapport økonomi og fråvær for mai leggast ut |
| | 13. | kl. 9-12 | Opplæring/arbeidsmøte leiarar og stab |
| | 14. | kl. 12-16 | Opplæring/arbeidsmøte leiarar og stab |
| | 21. | | Tertialrapport til kommunestyret |
| | 22. | | Administrativ Leiarsamling |
| | 26. | | Månadsrapport mai økonomi og fråvær til formannskap |

**Sykkylven Næringsutvikling AS**
**Sykkylvsvegen 125**
**6230 Sykkylven**

**SKAPARGLEDE**

**Org.nr.: 954 739 651 MVA**
**Sykkylven 19.12.17.**

**Volda Kommune v/Jørgen Amdam, Ordførar**

**<u>Søknad om økonomisk støtte til deltagelse i prosjektet Designvegen Sykkylven – Stryn</u>**

Vi viser til besøk frå Arne Hanssen tidligare i november der prosjektet Designvegen, vart presentert for ordførar, Sunnmøre kulturnæringshage og rådmann.

Designvegen er både kommune og fylkesoverbyggande, og tek mål av seg til å skape aktivitetar som kan vere med å å utvikle reiselivsbransjen vidare og promotere næringslivet langs fylkesveg 60 Aursnes til Stryn, med dei positive synergiane dette vil kunne gi.

Det vil bli ansett prosjektleiar i full stilling, administrert av Sykkylven Næringsutvikling AS til å jobbe og samarbeide med næringslivet langs ruta.

Det vil verte oppretta ei styringsgruppe med representantar frå alle kommunane som er med på dette og som skal videreutvikle Designvegen reint strategisk som ein ny inngangsport til området.

Etter at den treårige prosjektfasen er over, tek ein sikte på at Designvegen kan etablerast som eige selskap.

Vi registrerte i møtet at Volda Kommune viste stor interesse for dette prosjektet, og vi sender herved etter avtale ein søknad om økonomisk støtte som skal gå til organisering og tilrettelegging for næringslivet i Volda Kommune i den tre årige prosjektfasen med Kr: 30 000,- pr år i 2018, 2019 og 2020 til saman kr. 90.000.
Tilsvarande søknader er sendt Hornindal-, Stryn- og Stranda kommune.

90' 3x30'

Sykkylven Kommune er sjølvsagt med i prosjektet med ei totalløyving på Kr: 830 000,-
Sykkylven Handelsforening er inne med totalt Kr: 300 000,-

Søknadane til hhv Møre og Romsdal Fylkeskommune, samt Sogn og Fjordane Fylkeskommune er til behandling, og tilbakemeldingane så langt er positive.

For meir info, besøk oss gjerne på www.designvegen.no eller på facebooksida med same namn.

Vi ser fram til å høyre frå Volda kommune så snart råd er.


Jarle Strømmegjerde
Dagleg leiar
Sykkylven Næringsutvikling AS
Sykkylvsvegen 125
6230 Sykkylven
Mob: +47 90836862
E-post: jarle@skaparglede.no
www.skaparglede.no